



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.12.2013

Vår ref.: 2013/298

Arkivnr.: 451.2

Medlem i prosjektgruppa
for Regionalt miljøprogram i Rogaland

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Referat frå møte i prosjektgruppa 13. desember 2013

Statens hus, Stavanger

Til stade: Hadle Nevøy, Monica Dahlmo, Marit Sundsvik Bendixen, Guro Skjelstad (for Jens Flemming Krøger), Olav Sande, Rogaland Bondelag, Endre Gjil, Suldal kommune

Meldt forfall: Per Kristian Austbø, Kjell- Ove Hauge, Nils Melbø, Ragnvald Gramstad, Lars Kolnes.

Sak 1. Godkjenning av innkalling.

Innkallinga blei godkjend utan merknader. Fylkesmannen vil be KS om å oppnemne ny representant i prosjektgruppa i staden for Lars Kolnes. Kolnes har slutta i stillinga som rådmann i Hå kommune.

Sak 2. Oppsummering av erfaringar frå søknadsomgangen 2013.

Monica Dahlmo, Fylkesmannen gikk igjennom lysarka som er vedlagt (vedlegg 1). Det blei delt ut oversikt over søknadsomfanget for dei ulike ordningane (vedlegg 2). Kommunane har hatt mykje arbeid i år. Ei stor utfordring har vore at endringane i tilskotsordningane kom samtidig med endringane i sakshandsamarsystemet, og krav til teikning i digitale kart. Økonomisk ramme for RMP er 33,5 mill kr i 2013 (Ramme i 2012 var 24,9 mill kr). Auke frå 2012 til 2013 skuldast at det blei gitt 8 millionar i jordbruksoppgjæret til miljøvenleg gjødselspreiing og 0,6 mill i auka ramme for RMP generelt. Ut i frå førebels oversikt går 74 % av midlane for 2013 med til godkjente søknadar. NB! Ikkje alle kommunane er ferdige med å godkjenne søknadane, og difor er tala noko usikre. Tidlegare år har oppslutninga kring RMP vore større enn økonomisk ramme, og det har vore nødvendig å redusere satsane.

Hovudårsaka til at så liten del av midlane er brukte er at det blei tatt høgde for langt høgare oppslutning om miljøvenleg gjødselspreiing enn det som blei resultatet. Det er berre søkt om tilskot til kring 14 % av potensielt arealet, medan vi ved berekning av førebelse satsar tok høgde for 40 %. Årsaka til mindre oppslutning kan vere:

- Reduserte tilskotssatsar

- Innskjerping av krav til at utstyret må brukast ved all spreieing av husdyrgjødsel på omsøkt areal
- Spesiell vekstsesong. Mange fikk det travelt med gjødslinga når telen endeleg slapp taket på våren.
- Tilskotsområdet er kraftig utvida. Det vil ta tid før ordninga blir godt nok kjend, og folk har kjøpt utstyr/ det er mogleg å leie utstyr.

Sak 3. Fastsetting av tilskotssatsar for 2013

Det blei i møtet delt ut forslag til nye tilskotssatsar. Satsane blei diskuterte og det kom forslag til justeringar som er å sjå i vedlegg 3. Utslag av dei føreslåtte satsane er 28 640 724 kr (85 % av økonomisk ramme). Fylkesmannen vi kjøre ny berekning etter nyttår når alle kommunane er ferdige med å godkjenne søknadane. Fylkesmannen vil før satsane blir låste (frist 17. januar) ta kontakt med prosjektgruppa for å gjere eventuelle nye justeringar.

Sak 4. Handtering av forslag til justeringar i ordningane for 2014

Forslag til justeringar i ordningane sendt i innkallinga blei gått igjennom. Forslaget blei godkjend med følgjande justeringar:

- Tilrettelegging av fuglebiotop. Det må komme meir tydelig fram at søkjar ved å søkje denne ordninga må leggje til rette for vellukka hekking (viss det blir observert hekking) uansett om hekkinga skjer på arealet som er omsøkt støtte eller på anna areal som søkjar disponerar.
- Skjøtsel av gravminne. Gravminne som ligg på innmarksbeite skal inkluderast i ordninga. Lokalitetar som inneheld gravminne (med meir), og der det er søkt om støtte til skjøtsel av gravminne per stk kan ikkje inngå i arealgrunnlaget i ordninga "skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne".
- Turstiar med høg tilrettelegging. Namna på planane det blir referert til må rettast opp.

Miljøvenleg gjødselspreieing. Det blei på generell basis diskutert om tilskotsområdet for miljøvenleg gjødselspreieing skulle utvidast. Gruppa var samde om at det er for tidleg å dra slutningar om oppslutnad ut frå den spesielle vekstsesongen i år. Dei førebelse satsane skal hevast for 2014. Forslag til nye førebelse satsar:

Nedlegging/nedfelling i veksande kulturar:	80 kr/daa
Nedlegging/nedfelling i open åker eller stubb:	50 kr/daa
Tillegg for bruk av slangeutstyr:	50 kr/daa
Spreieing med rask nedmolding:	30 kr/daa

Forslag frå Tysvær kommune om å ta med nye vassdrag, Stakkestadvatnet og Skjoldafjorden, blei drøfta særskilt. Stakkestadvatnet er drikkevatt for Haugesund kommune og delar av Tysvær og Sveio. Prosjektgruppa var samde om å ikkje inkludere dei føreslåtte områda. Kommunane har eigne virkemidlar for å sette krav til landbruksdrifta i nedslagsfeltet til drikkevatt. I val av tilskotsområde for denne ordninga har prosjektgruppa og styringsgruppa valt å prioritere ferskvatt som står i risiko for å ikkje nå mål om god miljøtilstand jamfør vassdirektivet. Tysvær peiker på at areal i Vindafjord som drenerar til Skjoldafjorden er med i ordninga, og ønskjer at også areal i Tysvær som drenerar hit skal inkluderast. Fylkesmannen valte å føreslå heile Vindafjord kommune som tilskotsområde då mange bekkefelt i tillegg til fleire vatn er sterkt eutrofe. Vindafjord er eit husdyrtett område med mykje husdyrgjødsel. Tysvær kommune har ikkje tilsvarande problematikk. Kystområda er ein del av vassdirektivet (ut til ei nautisk mil). Skjoldafjorden har svært dårlig tilstand. Innløpet til fjorden er smalt, og det er dårlig utskifting av vatnet. Prosjektgruppa ønskjer ikkje i denne fasen å prioritere avrenning til kystvatn. Skjoldafjorden blir difor ikkje inkludert i tilskotsområdet for miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel.

Sak 5. Handtering av innspel til Statens landbruksforvaltning på ønska endringar.

Forslag til brev til SLF blei gått igjennom. Problematikken kring miljøavtalane i aksjon Vatsvassdrag blei diskutert. Det faglege grunnlaget for å inkludere beiteområde i miljøavtalane bør bli forklart betre.

Sak 6. Eventuelt.

Ingen saker under eventuelt.

Stavanger 19. desember

Monica Dahlmo
referent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Monica Dahlmo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 66
E-post: fmromda@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Lysark frå møte i prosjektgruppa for RMP 13. 12.13
2. Oversikt over søknadsomfang per 12.12.13
3. Forslag til endelege satsar 2013